

## Saksprotokoll i fylkestinget - 05.10.2016

**Aud Karin Oen (SV)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Fylkestinget ber om sak der ein ser på ulike modellar for kontroll av kollektivreisande. Herunder bruk av eigne kontrollørar og kostnader knytt til det.»

**Synnøve Lie Johannesen (R)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Fylkestinget ber om at følgjande tiltak blir gjennomført for at det skal vere lettare for alle å kjøpe billett:

- a) Det vert sett opp fleire billettautomatar rundt i heile fylket.
- b) Skyss sin mobil-app skal kunne brukast i fylket og ikkje berre i sone 1.»

### Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Oen sitt forslag fekk 45 røyster (A, Sp, SV, V, MDG, R, H) og vart vedteke.

Johannesen sitt forslag a) fekk 1 røyst (R) og fall.

Johannesen sitt forslag b) fekk 18 røyster (1A, MDG, V, SV, R, Frp) og fall.

### Vedtak

Fylkestinget ber fylkesrådmannen arbeide vidare med prosjekt redusert sniking i kollektivtransporten i tråd med dei framlagte rammene for prosjektet.

Fylkestinget ber om sak der ein ser på ulike modellar for kontroll av kollektivreisande. Herunder bruk av eigne kontrollørar og kostnader knytt til det.